Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Ål

Emne: Juletre og julehalm

Bygdelag:

Oppskr. av: Jakob Andr. Samuelsen

Gard: Bakkestad

(adresse): Sysle

G.nr. 129 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

For det meste etter Birgit Samuelsen f. Bakkestad f. 1874.

SVAR

1. No er det vanleg å ha juletre her som are stand.
2. Det var vonleg 1881 eller 82 dei hadde juletre fyrste gongen i Bakkestad og so på Breie skule som høyrde til same krinsen.
3. Det er'kje utruleg dei hadde juletre i prestgarden tidlegare; men ikkje [illegible] i kyrkja eller på festar; for det hadde spurst. Frå fyrsten var det nok ikkje so mange som hadde juletre.
4. Slikt vart nok aldri brukt. Men stugu skulle vaskas fint til jul og lysestakar, koparkjelar og anna slikt pussas fint.
5. Nei.
6. Dei fyrste trea var knapt mannshøge og stod i ein trekross på golvet. Nyare tid har somme små juletre som kan stå uppå eit bord.
7. Det skal stött vera lys på juletreet. Forutan lys var det på det fyrste juletreet hengt papirkorger med litegran sukkertøy i og små vakre kors, fletta av fleire slag farga papirstrimlar. Det var ein i bygda - ein døvstum skreddar - som var so flink til å laga slike kors. Gåvur til folka i huset vart og hengt på treet. Sjå under pkt. 13!
8. Far pynta treet uti klevan, og det vart fyrst

4892

bori inn i stugu då one hadde eti til kvelds jule-
eftan.
9. Sjå under nr. 6.
10. Lysa vart tent berre juleeftan i den gamle tida.
11. I heimen gjekk dei ikkje rundt treet; men på Breie-
skulen der presten Monrad tala, ordna dotter hans
Gunhild Monrad med songen, med dei gjekk rundt
treet. Det var julesongar og salmer som vart
nytta den tida, ikkje leikesongar som no. Til
slutt sa læraren nokre ord til møtelyden. ~.
12. Treet heime vart sett ut i klevan atter, etter
at korvene var tømte for sitt indhold og gåvene
deilt ut, og der vart det vonleg standande det meste
av vinteren.
13. Dei nytta ikkje den gongen nemningar som
å hauste eller plyndre treet. Men på skulen der
det foruten slik stas som nemnd undr pkt. 7 og
var kakemenner og kakehester, vart dessa og
sukkertøyet i korgene deilt millom borni.
Desse fekk og nokre småbøker eller hefter, var
so til dei kunne lesa, medan dei minste fekk nokre
fine kort. Treet vart ikkje bore vekk etter hau-
stinga.
14. Gran.
15. Fell bort.
16. Noko slikt tre hadde dei ikkje. Julebandet vart
sett på ei høg stong som vart reist ved låvebrua.

Nokon fråsegner om julehalm har ein ikkje
høyrt om herover. ~.

4892

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING